



Autorisasjonsordninga for plantevern og smånagarar - Ansvar og rutinar -

Jfr. Mattilsynet sin instruks til kommune og statsforvaltar etter plantevernforskrifta av desember 2021.

Ansvar for autorisasjonsordninga er delt mellom Mattilsynet og andre landbruksmyndigheiter.

Instruksen finn du her: [Til statsforvalter og kommune | Mattilsynet](#)

Mattilsynet har ansvar for:

- Hovudansvaret for autorisasjonsordninga
- Sender ut autorisasjonsbevis
- Instruks og retningslinjer til Statsforvaltaren eller den enkelte kommune
- Det nettbaserte autorisasjonskurset
- Sender SF faktura 2 gonger i året der det vert kravd gebyr for utsendte autorisasjonsbevis siste halvår.

Statsforvaltaren si landbruksavdeling har ansvar for:

- At kurs og praksisdag vert arrangert. Oppgåva kan dei delegere til andre.
- At eksamen vert arrangert. Dette kan dei delegere til landbruksforvaltninga i kommunane.
- Tilsyn med og koordinering av kursverksemda.
- Passe på at kursverksemda følger regelverket.
- Godkjenne alle lærarar/instruktørar.

Landbruksforvaltninga i kommunane har ansvar for:

- å bestille nødvendig tal eksamenssett til deltakarane på autorisasjonskurs.
- å arrangere eksamen.
- å registrere alle som har bestått eksamen i autorisasjonsregisteret.
- å vurdere om dei som ønsker autorisasjonsbevis har rett på dette, samt å registrere desse i autorisasjonsregisteret og skrive ut midlertidig autorisasjonsbevis.
- å registrere bestilling av eit duplikatbevis dersom originalbeviset er forsvunne.



Kurshaldarane på den teoretiske delen av plantevernmiddelkursa bør ha relevant kompetanse på universitets- eller høghskulenivå, alternativt relevant kompetanse som er opparbeidd gjennom yrkespraksis.

- Undervisning om plantevernmiddel og helse bør bli gitt av godkjent helsepersonell eller personell frå Arbeidstilsynet eller Norsk Landbruksrådgjeving avdeling HMS.

- Undervisning om integrert plantevern, godkjenning og bruk av plantevernmidlar og miljø bør bli gitt av landbruksrådgivarar, lærarar på fagskular, skoginstruktørar, konsulentar frå landbruks- og miljøforvaltning i kommunane og hos Statsforvalteren og liknande.

Autoriserte funksjonstestarar bør undervise i den sprøytetekniske delen av kursa, jf. Plantevernmiddelforskrifta § 15, annet ledd.

Kurshaldarar på tilleggskurset for gnagarmidlar skal som minimum ha gått kurs i dette temaet arrangert av Mattilsynet, eller kunne dokumentere at dei har oppnådd tilsvarande kompetanse på andre måte.

Importørar eller forhandlarar av plantevernmidlar og gnagarmidlar kan ikkje være kurshaldar på autorisasjonskurs. Andre personar med næringsinteresser av betydning kan heller ikkje være kurshaldarar.



Rutinar ved autorisasjonskurs og eksamen for plantevern og smånagarar.

SF = Statsforvaltaren NLR = Norsk Landbruksrådgjeving

Tiltak	Ansvarleg	Merknad
<p>Rådgivingstenesta arrangerer kurs:</p> <p>På kursa skal det undervisast i opplæring-emna som ligg i vedlegg til instruksen.</p> <ul style="list-style-type: none">- Informere SF om kursdato- Informere SF om ansvarlege kurshaldar- Annonserer kursa- Ta i mot påmelding til kurs- Sende påmeldingsliste til SF- Sørge for at alle kursdeltakar får oppdatert kursmateriell- Sende namneliste til dei aktuelle kommunane som skal arr. eksamen- Krevje inn kursavgift (ikkje for eksamen)	<p>NLR og Gjermundnes VG. Skole</p>	
<p>Kommunane arrangerer eksamen:</p> <ul style="list-style-type: none">- NLR og Gjermundnes VG skole sender liste over kursdeltakarar i den aktuelle kommunen til kommunen.- Finner dato for eksamen og kallar inn kandidatane.- Tar kontakt med SF for å få tilsendt oppdaterte eksamensdokument.- Rettar eksamen.	<p>Kommunen</p>	<p>Pr i dag blir det sendt ut eksamensoppgåver per e-post slik at dei får den nyaste versjon til en kvar tid. Kommunane skal slette den e-posten så snart eksamen er fullført, for så å bestille på nytt neste gang.</p>



<p><u>Habilitet:</u></p> <p>Det er viktig at krava om habilitet/inhabilitet blir følgde slikt at ein kan sikre habile vedtak.</p> <ul style="list-style-type: none">➤ Ein sakshandsamar er inhabil når hen er i nær slekt, eller i nær relasjon, til part i saken. <p><u>Bestått</u></p> <p>Det er svært viktig at kommunen vurderer om hen har behov for å ha autorisasjonsbevis i sitt daglige virke, da det er kun dei som skal ha bevis som skal registreres inn i autorisasjonsbasen.</p> <ul style="list-style-type: none">- Registrere alle som har bestått eksamen inn i autorisasjonsbasen til Mattilsynet- Skrive ut <u>kursbevis</u> som bevis for gjennomført kurs.- Skrive ut eit <u>foreløpig autorisasjonsbevis</u> inntil dei får beviset tilsendt frå Mattilsynet. s <p><u>- Ikkje bestått:</u></p> <p>Skriftleg beskjed (enkeltvedtak etter forvaltningslova)</p> <p>Kommunen må oppbevare eksamen en tid i etterkant av klagefristen, slik at dei har dokumentasjon dersom det blir spørsmål.</p>		<p>Forvaltningslova sine reglar om enkeltvedtak gjeld for vedtaka som blir fatta etter denne instruksen. Dette omfattar grunngjeving, opplysningar om moglegheit for å klage, klagefrist osv. Kommunen skal også gi informasjon om klagerett, og opplyse om at klage skal sendast til kommunen og at Mattilsynet er klageinstans.</p> <p>Når det er relevant, skal ein ta hensyn til prinsippa i naturmangfaldlova § 8 til § 12 til ved vurderingar ein gjer etter denne instruksen, jf. naturmangfaldlova § 7. Det skal da gå fram av vedtaket at ein slik vurdering er foretatt.</p>



<p>Gebyr:</p> <p>Kursavgift Krevje inn frå kvar kursdeltakar</p> <p>Eksamensgebyr Krevje eksamensgebyr frå kvar enkelt kandidat.</p> <p><u>Takstar per 31.05.2023</u></p> <p>Plantevern kr. 215,- Smågnagarar kr. 235,-</p> <p>Av dette skal kommunane betale kr 85,- for kvar kandidat som har bestått til SF sin</p> <p><u>Konto nr. 7694 05 00563.</u></p> <p>Dette er til Mattilsynet for utskrivning av autorisasjonsbevis.</p>	<p>NLR</p> <p>Gjermundnes VG-skole</p> <p>Kommunen</p>	
<p>Betaling av faktura frå Mattilsynet</p> <p>Mattilsynet sender faktura til SF 2 gantar i året. Her blir det fakturert for alle autorisasjonsbevis dei har sendt ut. SF kontrollerer dei innsendte namnelistene opp mot innbetalingar frå kommunane. Er det nokon innbetalingar som manglar, vert kommunane varsla om det, og bedt om å betale inn.</p>	<p>SF</p>	
<p>Eksamensdokument:</p> <p>- Sørge for å ha den siste aktuelle utgåva tilgjengeleg.</p>	<p>SF</p>	
<p>Informasjon :</p> <p>- Sende informasjon som kjem frå Mattilsynet vidare til kommunane, NLR og Gjermundnes VG-skole.</p>	<p>SF</p>	